



Referanser:

Arkivsak: 23/02654-29

Saksdokumenter:

KR 42.1 26 Utkast til årsplan for Den norske kyrkja 2025

Årsrapport for Den norske kyrkja 2025

Samandrag

Den norske kyrkja skal sende over årsberetning og revisorgodkjent rekneskap for 2025 til Barne- og familiedepartementet.

I tillegg til å vere ei formell rapportering på tilskotet til departementet, er årsrapporten utforma som eit viktig produkt som blir nytta i møte med politikarar og ulike samarbeidspartnarar som gir glimt av folkekyrkja sin innsats gjennom året.

Forslag til vedtak

Kyrkjerådet godkjenner Den norske kyrkja sin årsrapport for 2025.

Saksorientering

Kvart år godkjenner Kyrkjerådet årsrapport for Den norske kyrkja. Den skal sendast til Barne- og familiedepartementet som eit svar på tilskotsbrevet frå departementet.

Dei tre hovudkapitla i årsrapporten er knytt til dei tre områda i Den norske kyrkja sin strategi 2022-2029: Kyrkja opnar rom for tru, kyrkja er der livet levast og kyrkja er meir for fleire. I desse tre kapitla er det omtale av folkekyrkja sin innsats gjennom 2025. Rapporten er utarbeidd av Kyrkjerådsadministrasjonen, og bispedøma har bidrege med tekst, bilete og gode døme frå kyrkjelydane. Statistikken i årsrapporten er henta frå det kyrkjelydane har rapportert inn til SSB, og det manglar enno tal frå fire sokn. Dersom desse rapporterer innan fristen, vil sekretariatet oppdatere rapporten før oversending og publisering.

Årsrapporten er utforma med tanke på trykking, slik at den kan vere eit handfast produkt som presenterer folkekyrkja i møte med politikarar og samarbeidspartnarar. Difor er det lagt vekt på luftige sider med avgrensa mengder tekst, bilete, tal og historier. Om lag ein fjerdedel av årsrapporten er på nynorsk.

Utforminga følgjer same oppsett som dei føregåande åra, men det har vore eit medvite val å gjere årets rapport noko slankare enn fjoråret. I tillegg er det foreslått at den *trykte* utgåva i år har ei QR-kode der ein kan lese rekneskap-vedlegget, i staden for at dei 25 sidene er utskrivne. Den digitale utgåva som Kyrkjerådet får til godkjenning inkluderer rekneskapen som vedlegg.

Økonomiske/administrative konsekvensar

Arbeidet med årsrapporten, inkludert grafisk oppsett og trykking vert gjort innanfor vedtekne budsjett.